

KLD

v/ statssekretær Lars Andreas Lunde

Hardangervidda - brev 18. juni - ref 13/4348

Diverre må me seia at dette brevet er meir prega av administrasjonen sin vilje til å taka vare på stoda slik ho er, enn av politisk handlekraft. Me har bede om konkrete tiltak, ikkje eit av dei er etterkome. Einast i spørsmålet om smitteeffekt av vern kan ein lesa ei viss klargjering - men er det sendt instruks til FM om snu på flisa?

Det er i og for seg rett at ved slutthandsaminga av gjeldande forvaltingsplan kom ein fram til noko som var til å leva med, sett frå brukarsida. Me skal ikkje gå inn på detaljane i usemja fram til då, men vil nemne at ein svært ambisiøs tenestemann hjå FMHo hadde eit stort ansvar for at arbeidet gjekk tungt. Det tok meir enn fire år. I arbeidet var det aksept for at sjølve verneforskrifta la rammene for arbeidet, jamvel om det var punkt der som blei drøfta. Såleis ynskte ein på brukarsida å få med eit vedlegg til forvaltingsplanen som tok opp aktuelle punkt ved framtidig endring av verneforskrifta - det blei ikkje etterkome.

Du nemner at reglane for byggjeverksemd er liberale samanlikna med andre nasjonalparkar. Me vil då seia at dei ikkje er liberale i høve til dei politiske lovnadene som blei gjevne då vernet kom i stand. Og - det er ikkje gjeve noka form for skadebot.

Ikkje sidan vernet kom i stand har verneforskrifta stade uendra så lenge - 13 år.

Såleis ser me konklusjonen om ikkje å setje i gang eit arbeid med revisjon av verneforskrifta som svært nedslåande.

Når det gjeld forvaltingsmodell, er stoda som tidlegare klargjort: I Telemark (både kommunane og brukarane) kan ein tenkje seg den som er etablert i andre store verneområde. I Hordaland og Buskerud, derimot, kan ein ikkje det. Denne situasjonen må ein sjå som lite dynamisk. Derimot er alle svært interesserte i å drøfte det som er nemnt i regjeringsfråsegna - "forsøksordning med grunneierstyrt forvaltning av verneområder". Brevet 18. juni nemner ikkje dette med eit ord - ei talande togn. Ein kan vel tenkje seg at skepsisen til noko slikt er stor både på administrativt nivå i KLD og i MiD. Førabels konklusjon er då at skepsis som nemnt styrer meir enn ein lovnad i regjeringsfråsegna.

Fyrst i august er planlagt eit møte mellom Ordførautvalet, Hardangervidda Grunneigarsamskipnad og Fjellstyra på Hardangervidda. Dette for å drøfte stoda for forvaltninga av verneområda på Hardangervidda, finansielt og organisatorisk. Brevet 18. juni seier at til så lenge skal ting vera som før. Med mindre Statssekretæren seier at jau, me skal sjå på ein modell med grunneigarstyrd forvaltning, spør ein seg om eit slikt møte har noko for seg.

Me er så frie og bede om eit slikt eventuelt signal innan 15. juli.

Rauland/Dagali/Rødberg, 30. juni 2014

Johan Vaa (sign.)
(sign.)

Vebjørn Håvarðsrud (sign.)

Eli Hovd Prestegården

Hardangervidda
Grunneigarsamskipnad

Fjellstyra på Hardangervidda

Ordførarutvalet H. vidda

Kopi til

FM Buskerud, Hordaland og Telemark

Kommunal - og regionaldepartementet

Landbruks - og matdepartementet

MiD

USS

Kommunane Vinje, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Odda, Hol, Nore og Uvdal, Tinn